

Tilleggsskjema for unntak frå krav til prøver ved søknad om norsk statsborgarskap

Skal fyllast ut av helsepersonell

Det er eit krav at den som søker om norsk statsborgarskap har bestått statsborgarprøven og ein munnleg prøve på nivå B1. For nokre grupper er kravet å bestå den munnlege norskprøva på nivå A2. Språknivået på statsborgarprøva svarer til A2.

Personen kan søke unntak frå kravet dersom han/ho av helsemessige eller andre personlege føresetnader ikkje kan nå nivå B1/A2, eller kunne bestå prøven.

Skjemaet blir brukt som dokumentasjon på helsesituasjonen til den som søker om norsk statsborgarskap, og korleis den påverkar evna til å lære norsk og/eller tileigne seg kunnskap om det norske samfunnet, eller til å gjennomføre prøvar.

Du som søker om norsk statsborgarskap

- Ta med deg skjemaet til fastlegen din, psykologen din, ansatte i spesialhelsetenesta eller anna helsepersonell som vurderer helsesituasjonen din. **Det er dei som skal fylle ut dette skjemaet.**
- Lever skjemaet hos politiet, saman med resten av dokumenta du leverer saman med søknaden din om statsborgarskap.

Du som er fastlege, psykolog, ansatt i spesialhelsetenesta eller anna helsepersonell

Du kan fylle ut skjemaet som utfyllbar PDF her:

udi.no/tilleggsskjema-helsepersonell

Dokumentasjonen frå deg vil inngå som del av UDI sin vurdering av om vi kan gje unntak frå kravet. I tillegg til vurderinga i skjemaet kan du legge ved anna relevant dokumentasjon, og tidlegare vurderingar/utreingar.

- Fyll ut skjemaet hvis du har vurdert helsesituasjonen til søkeren, moglegheitene personen har til å lære norsk og samfunnskunnskap, gjennomføre opplæring og ta prøver i norsk og samfunnskunnskap.
- Gi det ferdig utfylte skjemaet og aktuell dokumentasjon tilbake til søkeren. Det er søkeren som skal levere det saman med søknaden om norsk statsborgarskap.

Personen vurderinga gjeld for

Skriv namnet på same måte som det står i Folkeregisteret.

Fornamn

Mellomnamn

Etternamn

Fødsels- og personnummer (11 siffer)

Vurdering av personen sin helsesituasjon

Dette må fremgå av vurderinga:

- Ei begrunna vurdering av personen sine føresetnad for å lære norsk og bestå prøvane.
- Dokumentasjon på kor lenge personen sin helsesituasjon har vore nedsett.
- I kva grad det er vurdert som sannsynleg at personen sin helsesituasjon vil endre seg slik at det vil vere miogleg å tilegne seg gode norskkunnskapar og gjennomføre prøvar.
- Moglegheiter for at personen kan [gjennomføre prøvane med tilrettelegging](#)

Viss legen har kjennskap til utfordringar knytt til høyrse og syn, kognitive utfordringar som konsentrasjonsvanskar, lese- og skrivevanskar og minnesvikt eller andre lærevanskar, bør det òg komme fram i vurderinga.

Generelt om personen sin helsesituasjon

**Korleis påverkar helsesituasjonen for personen
moglegheita for å lære norsk/samfunnskunnskap eller
gjennomføre prøvar?**

Annan dokumentasjon

Blir det lagt ved annan dokumentasjon?

Nei

Ja

Underskrift

Stad

Dato

Underskrifta til fastlege, psykolog, tilsette i spesialisthelsetenesta
eller anna helsepersonell

Vedlegg

Kva dei ulike nivåa betyr

A1

Du kan forstå og bruke kjende, daglegdagse ord og uttrykk. Du kan delta i ein samtale på ein enkel måte dersom samtalepartnaren snakkar langsamt og tydeleg og hjelper deg.

A2

Du kan delta i enkle samtalar om vanlege og praktiske aktivitetar som du kjenner. Du kan lese og forstå korte, enkle tekstar knytte til arbeidet ditt. Du kan skrive korte, enkle meldingar og fortelje om opplevingar og hendingar med enkle frasar og setningar.

B1

Du kan forstå hovudpunkta i klar tekst og tale om kjende emne som du ofte møter i samband med arbeid, skule og fritid. Du kan klare deg i dei fleste situasjonar som kan oppstå, og kan skrive enkle tekstar om kjende emne og kort forklare og grunngi meiningar og planar.

B2

Du kan forstå hovudinnhaldet i komplekse eller akademiske tekstar, også faglege drøftingar innanfor ditt eige fagområde og kan delta i samtalar med eit relativt spontant og flytande språk, og du kan skrive klare, detaljerte og argumenterande tekstar om eit vidt spekter av emne.

Kjelde: [Kompetanse Norge](#)